

19/3-71 General Ruges fullmakt

Buskerud Un

103156

Svar til advokat Sverre Hartmann fra professor Magne Skodvin

I Aftenposten for 24/2 fører Sverre Hartmann fram sju punkt som etter hans mening tyder på at avtalen av 10. juni 1940 skulle vera ein total militær kapitulasjon, altså gjeldande også for dei stridskreftene som på den tid var i utlandet eller på veg dit. Ingen av dei sju punkta verkar overtydande, og eg skal ta dei for meg i tur og orden. La meg først minna om det som Hartmann ikkje diskuterer, og vel heller ikkje reiser tvil om:

Den norske regjerings instruks til Forsvarets Overkommando gjennom Forsvarsdepartementet konstaterer at på grunn av den allierte evakuering «må også vår egen motstand mot fienden her i Nord-Norge opphøre . . .» og meddeler at «Kongen og Regjeringen vil fra et sted utenfor Norge vareta landets interesser under den pågående krig som fortsetter på andre fronter». Kursiveringane er mine, og treng ingen kommentar frå mi side. Vidare sit eg frå same ordren: «Forsvarets Overkommando ordner avviklingen av de gjenværende norske stridskrefter . . .» (kursivert av meg). Dette er omfanget av Ruges fullmakt, og den heldt han seg til i eitt og alt, så mykje meir som han sjølv med stor energi hadde rådd til å føra krigen vidare utanfrå. Denne instrusken, som avgrensar forhandlingane til å gjelde «gjenværende stridskrefter», kan vi fylgja gjennom alle ledd, fram til forhandlingane i Trondheim og på Bjørnefjell. Vi kjänner også den tyske reaksjon på dette. Klokka 10 om formiddagen den 10. juni meldte von Falkenhorsts stab til den tyske overkommando at dei norske forhandlarane la avgjera vekt på at krigen heldt fram, også etter at kampene i Norge var innstilt. Dette vart understreka ved at dei norske sjø- og luftstridskreftene hadde forlate Norge saman med dei allierte.

Dette kjende altså tyskarane til då forhandlingane i Trondheim kom i gang. Hartmann hevdar nå at dette spela ingen rolle for tyskarane. Dei forhandla som om det framleis var tale om alle eksisterande norske styrkar. Mitt syn er at tyskarane ikkje førde ein slik strutsopolitikk. Til dømes tok dei ut av utkastet sitt den passusen der det stod at dei norske stridskreftene til lands, til sjøs og i lufta skulle leggja sine våpen ned, og sette i staden «die gesamten norwegischen Streitkräfte». Hartmann meiner at dei gjorde dette for å finna eit endå sterkare uttrykk, «det mest omfattende uttrykk for at alt og alle er innbefattet». Mi mening er den motsette. Tyskarane hadde nettopp fått kjennskap til at dei norske sjø- og luftstridskreftene hadde forlate landet. Etter dette var det tomt snakk å sitja i Trondheim og bestemma

at dei skulle leggja våpna ned. Altså tok tyskarane ut formelen «til lands, til sjøs og i lufta», fordi dette uttrykket nå var for sterkt. I staden sette dei inn eit rundt og tøyeleg ord.

Derved har vel lesaren alt fått eit grunnlag for å ta til å forma ei mening. Men sidan det blir lagt så stor energi i å leita etter bevis for at Norge skulle ha gått ut av krigen i 1940, skal eg også imøtegå Hartmann punkt for punkt.

1. Kongen i statsråd skal ha slått fast, 7. juni 1940, at «det er høpløst for Norge å fortsette krigen». Sitatet er ukorrekt, men det er ei sak for seg. Den setninga som Hartmann vel har i tankane, står som konklusjon på avsnittet om stridane her i landet og den allierte evakuering. Deretter kjem eit avsnitt om den demarkasjonslinia som ei tid var på tale, og til slutt konklusjonen: «På Regjeringens vegne tillater jeg meg derfor å innstille til Deres Majestet at Kongen, Kronprinsen og Regjeringen flytter til et alliert land, og bekjengjør det for almenheten ved en proklamasjon som senere vil bli fremlagt.» I denne proklamasjonen står mellom anna: «Forsvarets Overkommando har derfor rådd Kongen og Regjeringen til foreløpig å oppgi kampen innenlands. Men de oppgir ikke dermed kampen for å gjenvinne Norges selvstendighet. Tvert imot — de vil holde fram med den utenfor landets grenser . . . Vi som sender dette ropet til dere i den stund vi er nødt til å forlate Norges grunn, vi er bestemte på å sette alle våre krefter, vårt liv og alt vi eier inn for Norges sak . . .»

Slik heng det saman med Hartmanns første argument for at Norge skulle ha kapitulert militært. Ralph Hewins kom i si tid til ein liknande konklusjon, men det var uventa å finna Hartmann ved hans side. Eg vil heileta det som eit hendeleg uhell i kampens hete.

2. «Konge og regjering reiste til Storbritannia uten å ta med sin forsvarssjef eller å utnevne en ny ved avreisen. Det forteller sitt.» Her diskuterer altså Hartmann titulaturen. Eg skal halda meg til realitet. Den ser slik ut: Etter ein del att og fram tok regjeringa med seg general Fleischer, ikke general Ruge, som tanken var frå først av. Ruge gjekk i staden i krigsfangenskap, etter å ha avvikla dei stridskreftene som var att i landet. Fleischer organiserte formelt Hærens Overkommando i London 19. juni, same dag som admiral Diesen etablerte Sjøforsvarets Overkommando der. Flyvåpnet hadde ein organisasjon i London alt før 10. juni. Oppbygt av ei gruppe offiserar som 6. mai hadde reist ut frå Sunnmøre med fiskeskøyta «Sjogutten». General Fleischer la straks i juni fram utkast til retningslinjer

for norsk militæroppplæring for hæren i Storbritannia. Han tok sikte på å få sett opp 2500 mann i første omgang. I den norske samleleiren i Dumfries var det den 10. juni 1940 omlag 800 manu. Norske motortorpedobåter gjorde teneste i Kanalen i juni 1940.

Til dette har altså Hartmann den innvending at general Fleischer burde hatt ein annan titel.

3. General Ruge «ble tilbake med uavkortet funksjon som forsvarssjef og med alle legitimasjoner. I denne egenskap forpliktet han ved sin (respektive sin befullmektigedes) underskrift». Hartmann fører ikkje tankegangen vidare. Men det må vel då vera meininger å hevda at Ruge hadde kompetanse til å kapitulera på vegne av alle eksisterande norske styrkar, og at han faktisk gjorde det. Dette står som kjent i loddrett strid med dei opplysninga vi har frå Ruge, og frå dei norske forhandlarane. Men bortsett frå det: kan det verkeleg vera så vanskelig nå å sjå den kjensgjerning i ansiktet at Ruge berre hadde instruks om å ordna avviklinga av dei stridskreftene som «var igjen i landet»? Og at han omhyggeleg heldt seg til dette? Og at han sjølv hadde medverka energisk til at regjeringa valde denne politikken? Og at dette ikkje berre er kjent gjennom Ruges eigne framstillingar, men frå ei lang rekke uomtvisteg autentiske, representative og samtidige aktstykke, tyske og norske?

4. Tiliks med Wiesener påkallar også Hartmann Ruges telegram til Stockholm 8. juni 1940, der Ruge ber om å få forhandlingar i gang. Dette har eg alt svara på (Aftenposten 9/3), men supplerer gjerne. Det var ikkje Ruges oppgåve å opna sitt hjarte for fienden, men å dekkja evakueringa og å demobilisera styrkane samstundes, slik at soldatane ikkje vart krigsfanger. Et det ikkje då ein tanke livsfjernt å lasta han for at han venta eit døgn og vel så det med å gje fienden fullstendig orientering om opplegget, istaden for straks å innby han til å forpurra det? Og at han venta med å forhandla til forhandlingane tok til?

5. Ruge gav ordre om å innstille all motstand» frå klokka 24.00 natt mellom 9. og 10. juni. Ja, det gjorde han, og denne ordren gjekk ut til dei styrkar som då stod under Ruges kommando, nemleg dei som stod att på norsk grunn. Ruge gav sjøsvaagt ingen ordre til norske krigsskip i sjøen, til norske fly på veg til Storbritannia eller Finland, til personale som fulgte konge og regjering eller alt var i utlandet. I samråd med konge og regjering hadde han tildelt desse styrkane den oppgåva å fora krigen vidare.

I neste artikkel skal eg kommentera Hartmanns to siste punkt.

Regjeringen blir i et åpne fra Buskerud Unge Høyre at om å utreda spørsmålet om teltelse av et eget turistdepartement. Slike departementer finnes i alle turistland i Europa, het brevet.

Eftersom Staten gjenno
organenes Utbyggingsfond og
organer spryter inn store k
midler i næringen, bør det va
tlig at det på sentralt pla
rettes organer som kan ta
planlegging, koordinering m
at den kapital som invester
bli rentabel for distrikte
folkningen.

Nordisk grens oppgang i Os

For å drøfte samarbeidsm
ter og -former og foreta e
grenseoppgang mellom de
organisasjoner som arbeider
nordiske og det bilaterale
Norge arrangerer Foreninge
den en kontaktkonferanse i
senåsen 19–20. mars. D
skal ambassaderåd Bengt P
ved den danske ambassade
til ordskjifte om de nordiske
sader syn på organisasjon
beide, og direktør Arne F. A
son, sjef for den svenske F
gen Nordens administrasjon
mann i Norsk-Svensk For
Stockholm, vil orientere om
beide som nordiske og bilate
ganisasjoner utfører i den
hovedstad.

Konferansen samler repre

Regjerii

Av stortin

I Aftenposten for onsd
mars har Lars Roar Lang
kommentar til min arti
samme avis dagen før i
delse med de mislykkede
artikkelen om opplegget. Artikk
skjemmet av ord som
premisser og «narrespill
er beklagelig, da anvennel
ord med slik valg ikke
forene med ønsket om en
meningsutveksling om et
med slik historisk rekl
som dette.

Jeg har studert herr La
artikkelen nøye, og kan ikke
han på avgjørende punkte
ver vesentlig ved min arg
tasjon. Hovedkonklusjonen
fast: Forhandlingene man
tirsdag danner ingen i
grunnvoll for slike angre
den siste uke er blitt rett
Senterpartiet.

Fremtidens historikere
dagens samfunnsforskere
unngåelig måtte rette sitt
lys mot det som skjedde